

Sand 18.03.2021

Uttale til ny plan for Nessavegen 1, 185/70

Beskrivelse.

Eigedomen ligg sentralt i «gamle Nedstrand». I kommuneplanen for 2015-2027 er området regulert til Omsynsone for bevaring av kulturmiljø. I områdeplanen av 26.03.2019 er enkeltbygningar sikra vern. Nessavegen 1 ligg i omsynsonen, men har ingen vernestatus som enkeltobjekt.

Det føreligg nye planar for nybygg på tomta som føresett riving av noverande bygningar. Dersom Tysvær kommune godkjenner riving, forhold eg meg til det. Tomta ligg fortsatt i område regulert for vern. Ein må såleis søka å tilpassa nybygg til eksisterande bebyggelse.

Dei nye skissene gjer langt på veg det. Plasseringa på tomta blir bra. Vidare er oppdelinga av bygningsmassen i to bygingskroppar, bunde saman med ein gang i glas, bra løyst. Fasadane i den minste bygningskroppen fungerer bra. Det same gjer heile fasaden mot nordaust, inkludert hovudkroppen.

Fasaden mot sør skil seg veldig frå eksisterande bebyggelse, med stor framskutt 1.etasje med mykje glas, og med glas like opp i mønet i 2.etasje. Dette blir store, svarte flater i dagslys, som vil lysa som ein katedral om kvelden. Denne fasaden bryt med resten av bygningen der det er brukt knappe takutspring og ein meir nøktern bruk av glas. Eg vil rå til at ein trekker veggeng lengre ut i 2.etasje slik at ein får vekk det store takutspringet og lar takutspringet bli som i dei andre fasadane. Vidare bør ein fjerna glasa opp i mønet.

Huset bør byggast i tre og malast kvitt.

Svømmebassenget på tomta kan akseptrast, men bør senkast ned i terrenget slik at ein ikkje får murar som forstørrar bygningsvolumet.

Med helsing



Grete Holmboe
Bygningsantkvar